



Opus Bergen AS

Referanser:

Dykkar: Torunn Johanna Rosnes  
Vår: 14/933 - 15/6792

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen  
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

13.04.2015

## Møtereferat - Drøfting av innsigelse - endring av Hjertås Industriområde

### TILSTADES

Frå kommunen	
Plan	Anny Bastesen
	Anne-Lise Olsen
Konsulent	
Opus Bergen AS	Torunn Johanna Rosnes
Tiltakshavar	
Bo-Bygg AS	Øystein Johannesen
Andre	
Forsvarsbygg	Cato Dørmænen
	Helge Skarseth

### Forslagsstillar orienterte og stilte spørsmål:

Forslagsstillar orienterte om prosessen som hadde vore, frå arbeidet med første reguleringsplan starta, og til denne vart vedteken. Dei orienterte deretter om endra behov og arbeidet med å endre til næringsområde med større djupvasskai som skulle fungere som industrikai. Forslagsstillar ynskjer elles å planere store deler av området på land for å kunne nytte det som lagerplass

Når det galt kjøparar til området, så var det ikkje på dette tidspunktet avklart. Dei vart no stoppa i arbeidet pga. innsigelse frå Forsvaret, og ønska å drøfte kvifor innsigelsen kom så seint, og kva dei kunne forvente å kunne gjere innafør reguleringsområdet.

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Forsvaret orienterte:**

Forsvaret orienterte om at dei først i samband med kommuneplanarbeidet vart gjort merksame på endringa av reguleringsplanen for Hjertås Industriområde, og at dei difor hadde kome med innsigelse noko seint. Dei orienterte vidare om kvifor forbuddsona er etablert og at dette blant anna omhandlar hensynet til støy i fjordbassenget. Vidare at forbudssona er urokkelig og at innsigelsen gjeld foreslått endring av kaianlegg, samt endringane av formål i sjøområdet. Dei orienterte om at dei ved behov stengjer forbodssona for gjennomfart.

Forsvaret orientert om at dei ikkje ville ta omkampar ang. kai i gjeldande reguleringsplan, og at dei heller ikkje ville leggje seg opp i planlagde endringar/planeringar på land. Dei rår likevel til at utbyggjar/forslagsstillar gjer seg kjend med innhaldet i *Forskrift om militære forbudsområder innen Sjøforsvaret*, som styrer forvaltninga av forbodssona, og at det her går fram at forsvaret kan regulere ferdsle langs sjø i forbodssonar.

**Administrasjonen:**

Administrasjonen presiserte at endringar på land lyt vurderast gjennom planprosessen i samsvar med lovverket, og stadfesta at gjeldande reguleringsplan for Hjertås Industriområde er planlagt å vidareføre ved rullering av kommuneplanen, dette når det gjeld tilhøvet til sjø og kai.

**OPPSUMMERING OG VIDARE VENTA FRAMDRIFT:**

Forslagsstillar/utbyggjar kan etter dette forvente å kunne endre reguleringsplan for Hjertås Industriområde gjennom ein vanleg planprosess, men dei kan ikkje forvente å kunne gjere endringa i sjø eller når det gjeld storleiken på djupvasskaien. Kai og sjøområde kan kun vidareførast som i gjeldande reguleringsplan.

Revidert planforslag etter offentlig ettersyn vert å sende Forsvarsbygg og Fylkesmannen for ny vurdering før sluttbehandlinga av planen.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen  
Fagansvarleg Plan

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Anny Bastesen

**Mottakere:**

Opus Bergen AS

Bo-Bygg AS

Forsvarsbygg

Forsvarsbygg